

## Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behade

– Eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane i Nordhordland,  
BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS

---

### Referat

#### Styringsgruppa

- kommunalsjefsgruppa helse og omsorg + Helse Bergen HF

**Møte:** Møte 1 – 2019, 20. mai kl. 10.00 – 11.00

**Til stades:** Geir Lien (Helse Bergen HF), Ove Sæbø (Modalen kommune), Helge Kvam (Meland kommune), Heinz Diehl (Fedje kommune), Grete Herøy (Radøy kommune), Malin Daae Steine (Masfjorden kommune), Anne Hildegunn Færøy (NUI) og Tonje Husum Aarland (NUI/koordinator arbeidsgruppa).

**Forfall:** Monika Kvamme (Austrheim kommune), Ingebjørg Søreide (Gulen kommune), Leni Dale (Lindås kommune), Nina Kvamme (Osterøy kommune).

#### 01/19 Bakgrunn

Anne Hildgunn Færøy og Tonje Husum Aarland (NUI) orientert om bakgrunn for prosjektet. Kommunar i Nordhordland og landet elles melder om utfordringar med å rekruttere psykologar, og at psykologar som vert tilsett sluttar etter kort tid. Særleg mindre kommunar har hatt utfordringar med dette i lengre tid. Frå 1. januar 2020 er kommunane pålagd å ha psykolog som ein del av kjernekompetansen i den kommunale helse- og omsorgstenesta, etter endringane i § 3-2 i lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Rekrutteringa av fleire psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene er ei av regjeringa sine satsingar for å styrke kvalitet og kompetanse i det tverrfaglege arbeidet innan psykisk helse og rus, vold- og traumefeltet (<https://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/psykologer-i-de-kommunale-helse-og-omsorgstjenestene>).

Kommunane i Nordhordland vil med bakgrunn i denne utfordringa samarbeide med BUP Nordhordland og Bjørgvin DPS for å etabelere eit prosjekt der målet er å utvikle og prøve ut modell som betrar rekrutteringa av psykologar til kommunane. Forprosjektet er forankra i fagmiljø i: Helse Bergen, kommunane i NH, Psykologforeininga, kommuneoverlegane m.fl.

For å nå målet er det satt ned ei arbeidsgruppe som gjennom forprosjektet kartlegger behova i kommunane, utgreier moglege løysingar, planlegge for utprøving og utarbeide søknad om midlar til pilotering av modell (hovudprosjekt).

I førre møte for kommunalsjefsgruppa for helse- og omsorg i Nordhordland, vart det orientert om prosjektet og lagt fram ønske om at kommunalsjefsgruppa saman med ein representant frå Helse Bergen Hf fungerer som styringsgruppe for forprosjektet, og det vart lagt fram eit forslag til madat for arbeidsgruppa. Dette er første møte der den føreslåtte styringsgruppa er samla.

**Vedtak:**

Gruppa, beståande av kommunalsjefsgruppa helse- og omsorg og representant frå Helse Bergen HF, vert styringsgruppe for samarbeidsprosjektet mellom kommunane i Nordhordland, BUP Nodhordland og Bjørgvin DPS – «Psykologkompetanse til kommunane: modell for å rekruttere og behalde». Gruppa vel leiar i neste styringsgruppemøte.

**02/19 Tal frå intern kartlegging**

Tonje la fram tala frå kartlegginga av tilsette kommunepsykologar i Nordhordlandskommunane, utarbeida av arbeidsgruppa. Tala frå kartlegginga viser at det per mai 2019 til saman er tilsett 7 kommunepsykologar i Nordhordland, og at dei fleste er tilsett i dei største kommunane. Osterøy kommune har 2 psykologar for barn og unge og 1 for vaksne, Lindås kommune har 1 psykolog for barn og unge og 1 for vaksne, kommunane Radøy og Meland har begge 1 psykolog kvar. Kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen har ikkje tilsett kommunepsykologar.

Dette er psykologar tilsett etter dei forutsetningane for tildeling som ligg i tilskotsordninga til Helsedirektoratet (som utgår frå 2020), mellom anna at psykologstillinga skal vere forankra i helse- og omsorgstenesta, samt at tilbodet skal vere eit lågterskeltilbod.

Kartlegginga har ikkje teke omsyn til tilsette i PPT og barnevern som eventuelt har psykologkompetanse.

**Vedtak:**

Gruppa takkar for informasjonen, og ber arbeidsgruppa utvide kartlegginga til å inkludere alle tilsette som har psykologkompetanse i kommunane.

**03/19 Overordna føringar for kjerneoppgåver til kommunepsykologar**

Tonje orienterte om drøftingar internt i arbeidsgruppa. Mandatet til arbeidsgruppa er mellom anna å utgreie og vurdere moglege løysingar for korleis NH-kommunane og Helse Bergen HF kan samarbeide for å følgje dei nye krava og utarbeide forslag til modell for samarbeidet. I drøftingane i arbeidsgruppa, ser ein at det er noko ulikt korleis kommunane,

både i Nordhordland og elles, organiserer og tilrettelegg for stillingar som kommunepsykolog, kva tverrfaglege samarbeid som eksisterer, og kva kjerneoppgåver som ligg i stillinga.

Overordna føringar gjev utvida rom til lokale tilpassingar. I delmåla for tilskotsordninga står det mellom anna at kommunane ut frå lokale omsyn skal nytte psykologkompetansen i større grad til system- og samfunnsretta arbeid, til helsefremmande og førebyggjande arbeid, til lågterskel behandlings- og oppfølgingstilbod til enkeltmennesker, familiar, pårørande og grunner (herunder også utredning og diagnostisering), og til utadretta arbeid der psykologen inngår i forpliktande tverrfagleg og/eller fleirfagleg samarbeid.

Drøftingane i arbeidsgruppa har vore viktig for kartlegginga for å gje eit heilskapleg bilete av kva som er overordna føringar for stillinga som kommunepsykolog, og for å sjå nærare på kva spesialisthelsetenesta og kommunane kan samarbeide om og som kan gi gode løysingar for å rekruttere og behalde denne psykologkompetansen i Nordhordland. I utarbeidinga av modell for samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta, vert det naturleg å peike på moglege framtidige løysingar for samarbeid mellom kommunane som ein del av modellen.

**Vedtak:**

Det er ønskeleg at arbeidsgruppa utarbeider modell(er) som er framtidsretta og gjev grunnlag for større kompetansemiljø i regionen. Gruppa ønsker tett dialog og oppfølging i utarbeidinga av forslag til modeller. Gruppa ønsker at ein i forprosjektet også tenker på korleis ein kan kople inn utdanningsinstitusjonane i større grad, og at ein sikrer kopling opp mot eit forkingsbasert miljø.

Referent: Tonje Husum Aarland (NUI/koordinator arbeidsgruppa)